

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Møre og Romsdal .

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Veøy.

Emne: Ting til lækjedom og vern
mot sjukdom.

Bygdelag: Rødven.

Oppskr. av: Eiliv Sandnes.

Gard:

(adresse): Rødven.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ting til lækjedom og vern mot sjukdom.

A. Ringar.

1. At folk brukte ringar på fingrane t.d. mot gikt, er kjent.

2. Dei var glatte som gifteringar, av massing eller kopar. Inne i ringen sto gjerne innrita "giktring".

3. Kjennskap til slike ringar fekk ein gjerne gjennom lysing i blad, eller av folk som brukte dei. Ein kunne og få i dei av "farande fant" (tater).

4.- 8. Elektriske ringar eller armband kjenner ein ikkje.

C. Hengesmykker.

9. Å bera ting kring halsen mot gikt har ikkje vore brukt her, det ein veit.

10. Belte av kopar- og sinkplater med filt imellom, som vart lagt i eddik (oppladda) og sidan bore på huda mot gikt o.a. sjukdomar, har vore kjent.

11. Dei vart kalla "elektriske belte" eller "giktbelte"

12-13. Å leggja armband eller hengesmykker i eddik veit ein ikkje av.

xxxxxxxxxxxxxxxx

12444

E. Øyreringar.

14. At menn brukte øyreringar veit ein av. Dette varte til ut i dei første tiår av dette hundraår,
15. Øyreringane var sirkelrunde, av bly, utan stein. Dei var festa gjennom eit hol i øyresnippen. Dei måtte då ha ein hjelpesmann til å setja hol. Han gjorde dette med ein syl, med ein rå potet som underlag.
16. Det var ringar i begge øyrer.
17. Øyreringar var helst brukt liding i auga, av folk som var plaga av "tårer".
19. Kvinner brukte øyreringar helst for pryd og "dekor".

F. Ymse ting.

- 20-22. At folk bar på seg i kjede eller lause stykker (Amuletter) for å verna seg mot sjukdom og ulykke, det kjenner ein no ikkje til her.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, Rødven, 84 år.
Bonde og bygningsmann.

Delvis etter eiga røynsle.